



Lbob Invest As  
Myrdalsvegen 42J  
5130 Nyborg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/982 - 22/8685

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
27.10.2022

## Melding om delegert vedtak - oppretting av grunneigedom til bustadtomt 1 - 29 og tilkomstveg gbnr. 37/87 m.fl

Vi syner til søknad motteke den 24.10.2022  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### Administrativt vedtak. Saknr: 118/2022

**Masfjorden kommune viser til plan og bygningslova §20-1, bokstav m og godkjenner søknad om oppretting av grunneigedomar for bustader og veg i reguleringsplan for Liarinden gnr. 37 bnr 87 m. fl. slik det er vist i plan.**

**Grunngjeving: Søknaden er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka oversendt avdeling for kart- og oppmåling for vidare handsaming. Sakshandsamingsfristen er 16 veker., jf. matrikkelforskrifta §18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og evt. supplerer av opplysningar frå rekviert. Kommunestyret har vedteke at tida

01.12-31.03 er vintersesong. Kommunen og revkirent kan avtale lengre frist, men ikkje lenger enn 2 år. Jf. matrikkellova §35.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Oppretting i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan		2.500,-
	Totalt gebyr å betala		2.500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

### SAKSUTGREIING:

#### 1. Bakgrunn

Det er søkt om oppretting av grunneigedomar til bustader og veg, slik dei er vist i gjeldande reguleringsplan for Liarinden, gbnr. 37/87 m.fl.


#### 2. Uttale

Det er ikkje krav til nabovarsling jf. §21-3, 5. ledd i plan og bygningslova.

#### 3. Fakta

Saka gjeld oppretting av grunneigedommar for bustader og veg for Liarinden gbnr. 37/ 87 m.fl. Det er søkt i samsvar med gjeldande godkjent reguleringsplan for området utan avvik. Det er i søknad krav matrikkelføring med utsett oppmålingsforretning og at oppmåling utførast etter avtale.

Plankartet er vist under:



#### 4. Vurdering

Søknad er i samsvar med arealformål i planen

#### 5. Konklusjon

Søknad om oppretting av grunneigedomar vert godkjent som omsøkt jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

Kjersti Furnes Soltvedt

5913

MASFJORDNES

#### Mottakarar:

Lbob Invest As

Myrdalsvegen 42J 5130

Nyborg

Kopi: Kjersti Furnes, Masfjorden kommune